

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Erik Klausen	FE-49, TI-&00	22/491

Saknr	Utval	Type	Dato
015/2022	Arbeidsmiljøutvalet	PS	24.05.2022
009/2022	Administrasjonsutvalet	PS	31.05.2022
069/2022	Formannskapet	PS	31.05.2022
	Kommunestyret	PS	

## Revisjon av Personalreglement Masfjorden kommune

### Vedlegg:

#### Journalposttittel

Personalreglement 2022 til behandling

#### Dato

25.05.2022

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Personalreglement Masfjorden kommune vert vedteke slik det ligg føre.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Gjeldande Personalreglement Masfjorden kommune vart vedteken 28. september 2016. Rådmannen har no sett behov for å gjennomgå og revidere dette for å tilpasse reglementet til endringar i tida og gjeldande lov og avtaleverk. I tillegg har ein sett behov for å forenkle reglementet slik at ein i mindre grad ramsar opp tekst frå lovparagrafar og anna regelverk.

#### Fakta

Ei gruppe sett saman av representantar frå administrasjonen og hovudtillitsvalde har gått gjennom reglementet og kome med framlegg til endringar. Desse har vore involverte i arbeidet: Sveinung Toft, assisterande rådmann, Oddvin Neset, helse- og omsorgsleiar, Erik Klausen, personalrågjevar, Britt Inger Myhr, HTV Fagforbundet og Ørjan Valestrand, HTV Utdanningsforbundet. Sluttoproduktet er gjennomgått i møte med alle hovudtillitsvalde i kommunen.

## Vurdering

I vedlagt reglement er føreslåtte endringar markert med gult, og det som vert føreslegen fjerna er streka over.

Dei viktigaste endringane er desse:

- § 2.4 Tilsetjingar: Dersom ein skal tilsette utan utlysing har dei tillitsvalde rett til å uttale seg
- § 2.5 Tilsetjingar: Har tilpassa reglementet i forhold til gjeldande praksis
- § 3.4 Fråvære frå arbeid: Dersom ein er fråverande frå arbeid grunna sjukdom eller andre årsaker skal dette meldast snarast og seinast før arbeidet tek til
- § 3.5 Ferie: Frist for å søke overføring av ikkje-avvikla ferie er 1. desember
- § 3.6 Utbetaling av løn: Punkt e om trekk i løn for erstatning av skade er teken bort
- § 3.9 Misbruk av alkohol eller narkotiske stoff: Bestemminga om pliktig avhald for helsepersonell er teken inn
- § 3.13 Inkluderande arbeidsliv: Den gjeldande IA-avtalen frå 01.01.2019 omfattar heile det norske arbeidslivet. Det er difor ikkje naudsynt å ha eigne presiseringar i personalreglementet knytt til dette
- § 4.1 Avgjerder i permisjonssaker: Rådmann avgjer alle permisjonar over 12 dagar. (Tidlegare 10 dagar) Dette er ein tilpassing til tariffavtalen
- § 4.4 Utdanningspermisjonar: Har fjerna sitat frå lovtekst
- § 4.4.2 Bindingstid: Har teke inn at bindingstid skal avtalast skriftleg
- § 4.4.3 Eksamen: Har teke inn at fagprøver gjev same rett til lesedagar som andre typar eksamenar
- § 4.5.2 Dødsfall og gravferd: Har justert til inntil 5 dagar permisjon ved dødsfall og gravferd i nærmaste familie. Det er lagt inn ein dag løna permisjon for å gå i gravferd til nokon som har stått den tilsette nær
- § 4.5.4 Undersøking, behandling og kontroll: Justering frå 80% til 60% stilling for å få fri til spesialist
- § 4.5.5 Lege, lege og fysioterapeut: Justering frå 80% til 60% stilling for å få fri til lege og tannlege
- § 4.5.6 Følgje av eigne barn: Rett til å følgje eigne barn til helsestasjon, tannlege og liknande. Tidlegare 12 år. No ut ungdomsskulen
- § 4.7.1 Sjukefråvær: Litt endra presiseringar av dokumentasjonsplikta ved sjukdom.
- § 4.7.5 Sjukdom over lengre tid: Det vert innført ein regel om at tilsette som ikkje kan kome attende etter opphøyr av sjukelønsperioden (52 veker) må søke permisjon utan løn for å oppretthalde stillinga i Masfjorden kommune
- § 4.8.2 Tillitsvald: Permisjon med delvis løn er teken vekk. Permisjon vert gjeven med full løn

## Konklusjon

Det vert tilrådd at framlegg til personalreglement vert vedteken slik det ligg føre.

## Arbeidsmiljøutvalet - 015/2022

### AM - behandling:

Endringar i personalreglementet vart presentert.

**AM - vedtak:**

**Personalreglement Masfjorden kommune vert vedteke slik det ligg føre.**

**Administrasjonsutvalet - 009/2022**

**AU - behandling:**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå Arbeidmiljøutvalet vart samrøystes (6 røyster) tilrådd til formannskapet.

**AU - vedtak:**

**Personalreglement Masfjorden kommune vert vedteke slik det ligg føre.**

**Formannskapet - 069/2022**

**FS - behandling:**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå Administrasjonsutvalet vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

**FS - vedtak:**

**Personalreglement Masfjorden kommune vert vedteke slik det ligg føre.**